



Konfirmantjubileum

1. Konfirmantjubileum vert halde i kyrkjelydar der soknerådet har gjort vedtak om det.
2. I høgmessa på jubileumsdagen kan jubilentane gå inn i kyrkja i prosesjon under ledd 1 Inngang og ta plass på dei fremste benkene. Ein eller to av jubilentane kan gjera teneste som tekstlesar.
3. Etter ledd 13 Kunngjeringar kan jubilentane framstillast for kyrkjeiyden med oppmoding om å ta dei inn i si forbøn.
4. I ledd 14 Forbøn tek kyrkjelyden jubilentane med som eitt aktuelt bøneemne. Når ein formar ut dette avsnittet, kan ein nytta t.d. element frå bønene i gudstenestene for konfirmasjonstida.